



DELÅRSRAPPORT **4. kvartal 2016**

Voss, 23. januar 2017
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2016

FRAMLEGG OM KR 4,75 I UTBYTTE

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2016, som syner at me er ein solid lokalbank med bra inntening i ei krevjande tid der konkurransen om både innskot- og utlånskundar er stor. Innteninga frå ordinær bankdrift er tilfredsstillande. Inntekter frå finansplasseringar er monaleg auka med ekstraordinært utbytte ved sal av aksjar i Visa Europe. Banken sine provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt syner ein positiv auke. Dei totale kostnadane er auka med om lag 2 mill. kr, mest grunna større investeringar i IT, men er under budsjettet som var lagt til grunn for året. Banken har betra driftsresultatet monaleg og syner eit resultat før skatt på 36,4 mill. kr i år mot 23,3 mill. kr i 2015.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 4,75 i utbytte pr. aksje for 2016, samanlikna med kr 3,50 i fjor. Utbyttet på kr 4,75 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 31,5% og mot totalresultatet på 33,7%. Det gjev ein «dividend/yield-faktor» på 4,5% rekna mot børskurs 31.12.16 på kr 117,50. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga i årsrekneskapen for 2015, med eit utdelingsforhold på minimum 30% av totalresultatet. Ved normal årleg vekst framover og normale inntekter frå bankdrifta, vil utdelingsforholdet kunna halda seg på dette nivået med minimum 30% av totalresultatet utan reduksjon i banken sitt kapitalnivå.

Etter eit utfordrande år i 2015 med fallande rentemargin og stor konkurranse om lånekundane som gav banken reduksjon i brutto utlån, har godt arbeid frå engasjerte medarbeidarar som står på for banken og kundane snudd denne trenden i 2016. Ved å tilpassa rentenivået betre til konkurransen i marknaden og ei offensiv satsing lokalt har banken auka utlåna i løpet av 2016 med nesten 600 mill. kr. Sjølv med eit sterkt fallande rentenivå på innskot har banken i løpet av året auka innskota med 90 mill. kr. Denne utviklinga er styret godt nøgd med, og syner at Vekselbanken er konkurransedyktig i vårt marknadsområde og lever opp til vår visjon som **-ein god medspelar-**. Sterkare og meir synleg satsing på gode forsikrings- og spareprodukt frå Eika byrjar å gje resultat, og banken har i 2016 meir enn dobla inntektene frå sal av Eika-produkt med ein auke på nær 1,2 mill. kr. Styret har som mål at banken ved ei endå sterkare satsing på god og menneskeorientert rådgjeving til private og bedrifter skal auka desse inntektene monaleg, og vil difor styrkja bemanninga med fleire rådgjevarar.

Etter bokførte netto tap og nedskrivningar på utlån med 2,7 mill. kr syner banken eit resultat før skatt for 2016 på 36,4 mill. kr, mot 23,4 mill. kr i 2015, ein auke på 13,0 mill. kr. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer resultat før skatt 0,90% i 2016 mot 0,61% i 2015.

Ved vedtak i statsbudsjettet for 2017 vert finansnæringa pålagt ei ekstra skattebyrde. Ekstraskatten vert førebels utrekna som eit tillegg på 5 prosentpoeng på arbeidsgjevaravgifta, noko som vil auka banken sine kostnader i 2017 med 0,8 mill. kr. I tillegg til denne auka arbeidsgjevaravgifta får finansnæringa heller ikkje del i den generelle

skattereduksjonen på 1 prosentpoeng, noko som med årets resultat vil utgjere ein ekstraskatt for Vekselbanken på 0,4 mill. kr. At skatteskjerpinga i størst grad vert lagd på arbeidskraft kan føra til ei skeivdeling mellom bankane. Det vil svekka dei små lokale distriktsbankane rundt om i heile Noreg som satsar på å vera menneskeorienterte bankar med gode rådgjevarar og hjelp til lokalt næringsliv. Me meiner ordninga med skattlegging på arbeidskraft slår veldig skeivt og uheldig ut, og gjer det endå vanskelegare for lokalbankar som Vekselbanken å kunna ta del i samfunnsbygginga. Me vonar stortinget ved evaluering av ordninga vil endra dette, slik at lokalbankane i Noreg slepp å redusera satsinga på lokalt næringsliv og lokal bank- og finanskompetanse.

Frå internasjonale og norske styresmakter er det stort fokus på å sikra trygge og solide bankar, og nye krav til kapitaldekning og likviditet er vedteke. Praktiseringa av dei skjerpka kapitalkrava er strengare i Noreg enn i andre land i EU, noko me opplever som ulike konkurransevilkår. Rentenivået på bustadlån har dei siste åra vorte kraftig redusert. Dei utanlandske bankane med lågare krav til vekta eigenkapital fører ann i rentekampen om bustadlån. Konkurransen om dei beste bustadlåna er framleis stor.

Den store veksten i 2016 på utlån har ført til at banken har måtta henta inn pengar i marknaden, og har i løpet av året auka den mellomlange finansieringa med netto 400 mill. kr. Framtidige forfall er godt spreidd dei neste 3 – 4 åra, og me oppnår gode prisar ved innhenting av slik kapital. Gjennom eigarskapen i Eika-gruppen har banken tilgang til konkurransedyktig bustadfinansiering med både flytande og fast rente gjennom Eika Boligkreditt AS. Banken har høve til å kanalisere framtidig utlånsvekst gjennom denne kanalen, og har såleis eit godt alternativ til ekstern finansiering.

Banken sin kapital- og likviditetssituasjon er god. Etter tilførsel av resultatet i år har banken rein kjernekapital på 369 mill. kr eller 17,21%. Netto ansvarleg kapital er 434 mill. kr, som med eit berekningsgrunnlag på 2.142 mill. kr utgjør ei samla kapitaldekning på 20,27%. Oppnådde kapitaldekningsprosentar ligg godt over minstemåla styresmaktene set, samt dei måla banken sjølv set som minimumsnivå. Ved årsskiftet rapporterer banken ein Liquidity Coverage Ratio (LCR) på 300%, langt over vedtekne minstekrav på 80%.

Gjennom vårt eigarskap i Eika-gruppen har me tilgang til alle produkt og tenester det er naturleg for oss som lokalbank å tilby. Me leverer gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort samt leasing, noko kundane set pris på. Gjennom Eika-gruppen tek me også del i den vidare utviklinga og satsinga innan digitale kundeflater som Mobilbank, Mobilbetaling og Nettbank.

Ved utgangen av 2016 aukar banken netto rente- og kredittprovisjonsinntekter med 4,9 mill. kr til 74,8 mill. kr, mot 69,9 mill. kr i 2015. Rentenettoen i 2016 er 1,86% av gjennomsnittleg rådveldekapital, som er ein auke frå 1,83% i 2015. Netto provisjonsinntekter er i 2016 auka med 1,0 mill. kr til 6,5 mill. kr, eller 0,16% av gjennomsnittleg rådveldekapital.

På aksjar og aksje- og rentefond har banken i år samla inntektsført netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar med 7,4 mill. kr, mot 1,1 mill. kr i fjor. Av inntektsføringa i år skriv 3,4 mill. kr seg som motteke utbytte ved sal av vår eigarandel i Visa Europe til Visa Inc. Eventuelle framtidige inntekter frå denne transaksjonen er ikkje inntektsført, då berekning

av slik eventuell framtidig utdeling framleis er usikker, og verdien av den eventuelle utdelinga vert rekna som ikkje vesentleg.

På obligasjonsporteføljene har banken i år bokført realisert tap med samla 0,8 mill. kr mot 9,5 mill. kr i fjor. Tidlegare bokførte nedskrivingar på realiserte obligasjonar er tilbakeført. Dette saman med auka verdi på banken sin portefølje av obligasjonar, fører til inntektsføring av verdiendring på obligasjonar over eigenkapitalen i år med 1,6 mill. kr.

Banken har gjennom mange år hatt ein mindre aksjepost i Silver Pensjonsforsikring AS. Då Silver er hardt råka av regelendringar i pensjonsreforma er vår aksjepost i dette selskapet nedskrive med 3,1 mill. kr over utvida resultat.

Samla driftskostnader er auka med 2,0 mill. kr frå 47,1 mill. kr i 2015 til 49,1 mill. kr i 2016. Kostnadsauken er 2,5 mill. kr mindre enn budsjettert. Framleis ligg det inne 4 mill. kr i ekstra avskrivingskostnader knytt til konverteringa til Eika sitt IT system i 2012. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane i 2016 1,22% mot 1,23% i 2015.

Banken kostnadsfører netto nedskrivingar for tap i 2016 med 2,7 mill. kr, mot 0,1 mill. kr i 2015. Konstaterte tap som det tidlegare er gjort avsetjingar for utgjer 2,5 mill. kr i 2016, mot 1,1 mill. kr i 2015.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 1,72% i 2015 til 1,04% i 2016. Styret føler seg trygg på at nedskrivingane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Banken har ikkje engasjement innanfor petroleumsrelaterte næringar, og banken sine privatkundar er så langt lite råka av innskrenkingar i slike næringar. Samla individuelle nedskrivingar på utlån utgjer 0,79% av brutto utlån, i tillegg utgjer gruppevis nedskrivingar 0,52%.

Resultatet for rekneskapsåret 2016 fører til at banken styrkjer eigenkapitalen med 28,6 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 380,7 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 20,27%.

Ved børs slutt 31.12.16 var kursen på banken sine aksjar kr 117,50. Børskursen ved inngangen til 2016 var kr 120,00. Resultat i år utgjer kr 15,07 pr. aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 200 kr.

Aktiviteten i Voss og omland held seg stadig på eit høgt nivå. Reiselivet syner rekordtal for 2016, og Voss har framleis ein god posisjon som regionscenter for Indre Hordaland. Me kan vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom i bygda. Store fylkeskommunale og kommunale investeringar i nye skulebygg gjev godt med arbeid og høg aktivitet i bygda vår. Omstillinga som styresmaktene seier me må gjennom frå oljerelatert til nye vekstkraftige næringar, nemner spesielt satsing på reiseliv som viktig framover. Her ligg mykje til rette for at Voss med vår unike plassering blant fjord og fjell, skal kunna ta del i denne utviklinga. Me ser at utgraving for ny skystasjon har kome i gang, og vonar at endeleg finansiering av ny Hangursbane kjem på plass i løpet av året til beste for heile bygda. Banken har gått inn i prosjektet som er på gang for modernisering av Handelslagskvartalet i Voss sentrum, og me voner at sal og innflytting i nye husvære her vil styrkja og revitalisera sentrum til ein triveleg plass å vera.

For å sikra trygg og sikker veg og bane mellom Bergen og Voss, og for å stimulera til omstilling og framtidretta investeringar, håper me at styresmaktene ved handsaming av ny NTP til våren vedtek den store satsinga på K5 dei har signalisert. Me håper stortinget også vil løyva midlar til vidare planlegging av strekninga mellom Stangehelle og Voss, slik at arbeidet med denne strekninga kan halda fram. At utbygginga skal skje ved hjelp av statleg plan lover godt. Det kan spare samfunnet for mange og lange år med konflikhtar mellom involverte kommunar for å verta samde om framtidige trasear. Felles planlegging og bygging av gode samferdselsprosjekt byggjer landet vårt og vil bidra til vidare vekst, investeringar og optimisme i regionen vår. Denne felles utbygginga av både jernbane og veg utanfor eksisterande trasear, er etter vårt syn ei kostnadseffektiv god satsing. Me vonar at fylkesmann Lars Sponheim sine tankar om dobling av folketalet på Voss innan 2030 skal slå til. Med ei trygg og raskare reisestrekning til Bergen og med store områder ferdig planlagd for bustad- og næringsareal, vil Voss vera ein attraktiv plass for å kunna avlasta Bergensområdet med bustadbygging i rein og fri natur. Ny tilflytting vil gje stor auke i aktiviteten i nærområdet vårt. Vekselbanken er klar til å ta imot denne nye veksten både for eksisterande og nye kundar som treng finansiering og gode råd framover.

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2016

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for året på 36,4 mill. kr, ein auke på 13,0 mill. kr i forhold til fjoråret. Resultatet tilsvarar 0,90% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,61% i fjor. Totalresultatet pr. 31.12 i år er på 26,7 mill. kr, mot 22,1 mill. kr pr. 31.12 i fjor. Den gode auken i resultatet i år skuldast betring i rentemarginen, auke i provisjonsinntekter frå sal av Eika-produkt og ekstraordinært utbytte i samband med at Visa Europe er seld til Visa Inc.

I 4. kvartal i år bokfører banken eit resultat før skatt på 9,0 mill. kr, mot 9,3 mill. kr i kvartalet i fjor. Resultatet er 0,85% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) mot 0,98% i fjor. Etter skatt er resultatet i 4. kvartal 7,1 mill. kr (0,67%) mot 6,6 mill. kr for 4. kvartal i fjor (0,70%).

RENTEMARGIN

I 4. kvartal i år bokfører banken netto renteinntekter med 19,6 mill. kr, ein auke på 1,2 mill. kr i forhold til 4. kvartal i fjor. Rentemarginen i 4. kvartal er på 1,85% mot 1,94% for 4. kvartal i fjor. For året sett under eitt er rentemarginen 1,86% mot 1,83% i 2015.

INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 4. kvartal har banken inntektsført 1,0 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond, mot ei inntektsføring på 1,2 mill. kr i 4. kvartal i fjor.

På obligasjonsporteføljene har banken i 4. kvartal bokført realisert tap på 0,01 mill. kr, mot realisert tap på 0,7 mill. kr i 4. kvartal i fjor.

DRIFTSKOSTNADER

I 4. kvartal i år er samla driftskostnader 12,2 mill. kr, som er det same som for 4. kvartal i fjor, og litt under budsjett. 1 % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,15% i år mot 1,28% i fjor.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 4. kvartal har banken konstatert tap på 0,2 mill. kr, det same som i 4. kvartal i fjor. Utviklinga i misleghaldne og tapsutsette engasjement syner ei positiv utvikling, og ved utgangen av året er netto misleghaldne og tapsutsette engasjement 38,8 mill. kr, ein reduksjon på 15,7 mill. kr frå i fjor. 1 % av brutto utlån utgjør dette 1,04% i år, mot 1,72% ved utgangen av fjoråret. For nærmare spesifisering sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 4. kvartal er rådveldekapitalen auka med 28,8 mill. kr, eller 0,7%, til 4.264 mill. kr. Grunna stor utlånsvekst i år har banken i løpet av året utstedt nye obligasjonslån med netto til saman 400 mill. kr. Sjå note 5.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 513 mill. kr, eller 13,67%.

INNSKOT

I 4. kvartal har innskota auka med 42 mill. kr, mot reduksjon på 46 mill. kr i 4. kvartal i fjor. Siste 12 månadane har innskota auka med 89,7 mill. kr, eller 3,08%.

Pr. 31.12.16 har banken ei innskotsdekning på 80,30% av brutto utlån, mot 91,7% på same tid i fjor.

UTLÅN

Den skjerpa konkurransesituasjonen i utlånsmarknaden ramma banken i 2015 og førte til negativ utlånsvekst. Etter å ha tilpassa rentevilkåra betre til marknadsprisen, har trenden snudd. I 4. kvartal i år har banken ein auke i utlån på eige bok på 24,6 mill. kr eller 0,67%.

Pr. 31.12.16 er brutto utlån til kundar 3.736 mill. kr, mot 3.175 mill. kr ved årsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 561 mill. kr eller 17,66%. Når netto utlånsvekst i EBK vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader på 596 mill. kr eller 17,53%.

Av samla utlån ved årsskiftet er 2.985 mill. kr (79,90%) til personkundar og 751 mill. kr (20,10%) til næringskundar. Sjå note 3.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 3.000 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 606 mill. kr eller 20,2%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene.

Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 300% berekna etter nye forskrifter.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 434,1 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 20,27% etter at resultatet i år er disponert.

Kjernekapitalen er 389,7 mill. kr, eller 18,19%. I høve til minimumskrava er overdekninga 261,2 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 368,7 mill. kr, eller 17,21%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

| <u>Namn</u> | <u>Andel</u> | <u>Beholdning</u> |
|--|-----------------|-------------------|
| VOSS SPAREBANK | 10,00 % | 189.980 |
| MP PENSJON PK | 4,76 % | 90.526 |
| AS FLU | 4,74 % | 90.000 |
| BERGEN KOMMUNALE PENSONSKASSE | 2,63 % | 50.000 |
| AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS | 2,46 % | 46.771 |
| BJØRKEHAGEN AS | 1,89 % | 35.990 |
| HAUGALAND KRAFT PENS C/O SR-FORVALTN | 1,79 % | 34.000 |
| SPAREBANK 1 SR-BANK c/o Gabler Wassum AS | 1,63 % | 31.000 |
| WERGELAND HOLDING AS | 1,29 % | 24.500 |
| FANA SPAREBANK | 1,21 % | 23.000 |
| SKOGBORG AS | 1,08 % | 20.440 |
| JOH. RASMUSSEN & RACINE AS | 1,05 % | 20.000 |
| FORLAGSHUSET VIGMOSTOSTAD&BJØRKE AS | 0,93 % | 17.700 |
| KRISTIAN HODNE AS | 0,84 % | 15.964 |
| FJORDSYN AS | 0,80 % | 15.200 |
| SLÅPEKROKEN AS | 0,79 % | 15.040 |
| HAUKÅS KONSULENTENE AS | 0,79 % | 15.000 |
| SPAREBANKEN ØST | 0,74 % | 14.069 |
| NOTOV AS | 0,74 % | 14.000 |
| NORDNET LIVSFORSIKRING AS | 0,71 % | 13.411 |
| Sum for dei 20 største eigarane | 40,87 % | 776.591 |
| Øvrige eigarar | 59,13 % | 1.123.409 |
| Totalt utstedte aksjar | 100,00 % | 1.900.000 |

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr 200,40

Børskurs ved utgangen av 4. kvartal var : kr 117,50

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2017

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Dei positive utsiktene for framtida for Voss med von om snarleg utbygging av sikre og raske kommunikasjonsløyningar mot Bergen og Oslo ved tru på K5-prosjektet, gjev oss von om vekst i åra som kjem. Folketalsveksten i banken sitt marknadsområde som politikarar og analyseselskap ser for seg ved denne utbygginga, vil føra til vekst i investeringar lokalt, noko banken er klar til å ta del i. Den utvida satsinga vår på sal av forsikrings- og spareprodukt byrjar å materialisera seg, og vil styrkja banken sine inntekter framover.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2016 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvise bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvise oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

| | 4. kv 2016 | 4. kv 2015 | 31.12.16 | 31.12.15 | 31.12.14 |
|---|---------------|---------------|---------------|----------|----------|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 29.463 | 30.605 | 114.320 | 128.907 | 156.305 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 9.854 | 12.169 | 39.556 | 59.020 | 80.882 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | 19.609 | 18.436 | 74.764 | 69.887 | 75.423 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | 14 | -756 | 6.566 | 1.449 | 2.063 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 2.775 | 2.552 | 10.251 | 9.165 | 6.897 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -943 | -942 | -3.717 | -3.632 | -3.630 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | 638 | 2.201 | 151 | -6.541 | 12.375 |
| Andre driftsinntekter | 47 | 40 | 135 | 188 | 97 |
| Sum andre inntekter | 2.531 | 3.095 | 13.386 | 629 | 17.802 |
| Sum netto inntekter | 22.140 | 21.531 | 88.150 | 70.516 | 93.225 |
| Personalkostnader | 5.826 | 4.952 | 20.257 | 18.953 | 19.756 |
| Administrasjonskostnader | 3.467 | 4.510 | 17.229 | 16.741 | 13.112 |
| Ordinære avskrivningar | 1.749 | 1.743 | 6.987 | 6.977 | 6.928 |
| Andre driftskostnader | 1.149 | 956 | 4.587 | 4.424 | 4.514 |
| Sum kostnader | 12.191 | 12.161 | 49.060 | 47.095 | 44.310 |
| Resultat før tap | 9.949 | 9.370 | 39.090 | 23.421 | 48.915 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | -954 | -41 | -2.704 | -77 | -4.508 |
| Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto tap og avskrivningar | -954 | -41 | -2.704 | -77 | -4.508 |
| Resultat før skatt | 8.995 | 9.329 | 36.386 | 23.344 | 44.407 |
| Skatt på ordinært resultat | 1.900 | 2.731 | 7.745 | 6.547 | 10.482 |
| Resultat for rekneskapsåret | 7.095 | 6.598 | 28.641 | 16.797 | 33.925 |
| Andre inntekter og kostnader | | | | | |
| Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal | -135 | 46 | -1.470 | 7.257 | -12.489 |
| Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal | 34 | -21 | -429 | -1.991 | 3.271 |
| Sum andre postar | -101 | 25 | -1.899 | 5.266 | -9.218 |
| Totalresultat | 6.994 | 6.623 | 26.742 | 22.063 | 24.707 |
| Resultat pr. aksje | 3,73 | 3,47 | 15,07 | 8,84 | 17,86 |
| Utvatna resultat pr. aksje | 3,73 | 3,47 | 15,07 | 8,84 | 17,86 |

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

| | 31.12.16 | 31.12.15 | 31.12.14 |
|---|-----------|-----------|-----------|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 77.117 | 76.637 | 71.388 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 147.842 | 93.817 | 222.017 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | 3.687.052 | 3.126.643 | 3.201.814 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 246.372 | 307.966 | 275.298 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 57.430 | 92.665 | 202.035 |
| Immaterielle eignelutar | 3.999 | 7.998 | 11.998 |
| Finansielle derivat | 4.061 | 5.198 | 5.781 |
| Varige driftsmidlar | 31.332 | 33.551 | 35.703 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 9.112 | 7.034 | 8.210 |

SUM EIGNELUTAR

4.264.317 3.751.509 4.034.244

GJELD OG EIGENKAPITAL

| | | | |
|--|------------------|------------------|------------------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 3.000.196 | 2.910.521 | 2.845.313 |
| Obligasjons- og sertifikatgjeld | 774.634 | 377.210 | 713.258 |
| Finansielle derivat | 0 | 0 | 0 |
| Utsett skatt | 3.021 | 2.744 | 373 |
| Anna gjeld | 19.158 | 13.156 | 23.848 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | 8.134 | 7.665 | 9.797 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 1.040 | 2.000 | 3.009 |
| Ansvarleg lånekapital | 77.403 | 78.159 | 90.768 |
| Sum gjeld | 3.883.586 | 3.391.455 | 3.686.366 |

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

| | | | |
|---|-------|-------|-------|
| Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-) | 9.500 | 9.500 | 9.500 |
| - Behaldning eigne aksjar | -18 | -43 | -11 |

Sum innskoten eigenkapital

9.482 9.457 9.489

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital 371.249 350.597 338.389

Sum opptent eigenkapital

350.597 338.389

Sum eigenkapital

380.731 360.054 347.878

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL


4.264.317 3.751.509 4.034.244

| | | | |
|---------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Garantiansvar | 107.203 | 105.362 | 122.846 |
| Pantsetjingar | 106.267 | 111.057 | 102.778 |
| Eigenkapitaldekning | 20,27 % | 21,31 % | 19,47 % |
| Gjennomsnittleg rådveldekapital | 4.026.572 | 3.828.829 | 3.756.540 |

Voss, 23. januar 2017

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål
Styreformann


Hildegunn Reime


Olav Seim


Ingrid Kløve-Graue


Johanna R. Sølvsberg


Einar Larsen
Banksjef

ENDRING I EIGENKAPITALEN

| | 31.12.16 | 31.12.15 | 31.12.14 |
|--|----------------|----------------|----------------|
| Eigenkapital ved inngangen til året | 360.054 | 347.878 | 328.145 |
| Utbetalt utbytte førre år | -6.650 | -9.500 | -5.035 |
| Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal | -1.899 | 5.266 | -9.218 |
| Kjøp / sal egne aksjar | 585 | -387 | 61 |
| Resultat i perioden | 28.641 | 16.797 | 33.925 |
| Eigenkapital ved periodeslutt | 380.731 | 360.054 | 347.878 |

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

| | Alle tal i NOK 1 000 | | |
|--|----------------------|-----------------|----------------|
| | 2016 | 2015 | 2014 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar | 118 780 | 144 222 | 156 538 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar | -42 870 | -65 264 | -84 697 |
| Andre innbetalningar | 5 994 | 2 359 | 5 268 |
| Driftsutbetalningar | -38 192 | -40 023 | -34 760 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 89 | 84 | 35 |
| Utbetalt utbytte | -6 650 | -9 500 | -5 035 |
| Betalte skattar | -6 227 | -9 343 | -7 719 |
| Tilført frå verksemda | 30 924 | 22 535 | 29 630 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar | -563 203 | 75 009 | -186 203 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | 89 675 | 65 208 | 494 564 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld | 397 424 | -336 048 | -28 266 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | 573 | - 648 | 132 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | 103 049 | 84 140 | -159 271 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | 1 845 | -12 473 | 6 517 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | 0 | -10 000 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar | 581 | - 713 | 213 |
| Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd | 29 944 | -135 525 | 127 686 |
| Investert i varige driftsmidlar | - 770 | - 825 | - 767 |
| Investert i immaterielle eignelutar | 0 | 0 | 0 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 0 | 3 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | -5 593 | -9 136 | 2 559 |
| Netto kontantstraum frå investeringar | -6 363 | -9 961 | 1 795 |
| Netto endring likvidar | 54 505 | -122 951 | 159 111 |
| Likviditetsbeholdning ved inngangen til året | 170 454 | 293 405 | 134 294 |
| Likviditetsbeholdning ved periodeslutt | 224 959 | 170 454 | 293 405 |
| Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av: | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 77 117 | 76 637 | 71 388 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 147 842 | 93 817 | 222 017 |
| Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt | 224 959 | 170 454 | 293 405 |

Note 1 Tap og misleghald

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
Endring i gruppevise nedskrivningar
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

| | 31.12.16 | 31.12.2015 | 31.12.14 |
|---------------------------|--------------|------------|--------------|
| | -71 | -916 | 2.514 |
| | 400 | 0 | 1.000 |
| | 2.276 | 972 | 1.025 |
| | 188 | 105 | 4 |
| | -89 | -84 | -35 |
| Sum tap i perioden | 2.704 | 77 | 4.508 |

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

| | | | |
|--------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| | 19.638 | 20.679 | 19.856 |
| | 5.327 | 5.224 | 4.925 |
| Netto misleghaldne lån | 14.311 | 15.455 | 14.931 |
| | 48.861 | 63.617 | 67.197 |
| | 24.389 | 24.563 | 25.778 |
| Netto tapsutsette engasjement | 38.783 | 54.509 | 56.350 |

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

| | | | |
|-------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| | 3.736.244 | 3.175.506 | 3.251.593 |
| | -29.716 | -29.787 | -30.703 |
| | -19.476 | -19.076 | -19.076 |
| Netto utlån til kundar | 3.687.052 | 3.126.643 | 3.201.814 |

Note 2 Kapitaldekning

| | 31.12.16 | | 31.12.15 | | 31.12.14 | |
|--|--------------------|----------------|--------------------|----------------|--------------------|----------------|
| | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav |
| Lokale og regionale styresmakter | 18.609 | 1.489 | 18.493 | 1.479 | 9.623 | 770 |
| Institusjonar | 36.140 | 2.891 | 34.130 | 2.730 | 60.493 | 4.839 |
| Føretak | 271.241 | 21.699 | 238.823 | 19.106 | 274.423 | 21.954 |
| Massemarknad | 3.966 | 317 | 4.070 | 326 | 3.430 | 274 |
| Pantsikring i bustad og fritidseigedom | 1.441.782 | 115.343 | 1.232.425 | 98.594 | 1.303.837 | 104.307 |
| Forfalne engasjement | 10.652 | 852 | 11.917 | 953 | 19.447 | 1.556 |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 8.842 | 707 | 9.922 | 794 | 10.307 | 825 |
| Andelar i verdipapirfond | 9.578 | 766 | 47.942 | 3.835 | 141.262 | 11.301 |
| Eigenkapitalposisjonar | 45.373 | 3.630 | 39.313 | 3.145 | 33.930 | 2.714 |
| Andre engasjement | 142.064 | 11.365 | 148.147 | 11.852 | 189.739 | 15.179 |
| Sum kreditrisiko | 1.988.247 | 159.060 | 1.785.182 | 142.815 | 2.046.491 | 163.719 |
| Operasjonell risiko | 149.970 | 11.998 | 154.379 | 12.350 | 135.581 | 10.846 |
| Frådrag for gruppevise nedskrivningar | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| CVA risiko, motpartsrisiko | 3.707 | 297 | 5.800 | 464 | 0 | 0 |
| Sum berekningsgrunnlag | 2.141.924 | 171.355 | 1.945.361 | 155.629 | 2.182.072 | 174.566 |
| Innbetalt aksjekapital | 9.500 | | 9.500 | | 9.500 | |
| - egne aksjar | -18 | | -43 | | -11 | |
| Sum opptent eigenkapital | 362.224 | | 343.950 | | 338.389 | |
| - immaterielle eignelutar / utsett skattefordel | -2.999 | | -5.839 | | -8.759 | |
| Frådrag | 0 | | -401 | | -477 | |
| Rein kjernekapital | 368.707 | 17,21 | 347.167 | 17,85 | 338.642 | 15,52 |
| Fondsobligasjonar til verkeleg verdi | 37.403 | | 38.159 | | 40.768 | |
| Frådrag for verdiendring fondsobligasjon | -2.403 | | -3.159 | | -5.768 | |
| Frådrag i samsvar med overgangsvilkår | -14.000 | | -10.500 | | 0 | |
| Kjernekapital | 389.707 | 18,19 | 371.667 | 19,11 | 373.642 | 17,12 |
| Fond for urealiserte verdiendringar | 4.418 | | 3.895 | | 1.240 | |
| Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital | 40.000 | | 40.000 | | 50.000 | |
| Ansvarleg lånekapital ikkje kvalifisert som tilleggskap. | 0 | | -1.093 | | 0 | |
| Sum tilleggskapital | 44.418 | 2,07 | 42.802 | 2,20 | 51.240 | 2,35 |
| Netto ansvarleg kapital | 434.125 | 20,27 | 414.469 | 21,31 | 424.882 | 19,47 |

Note 3 Utlån og innskot fordelt på sektor næringer

| | Utlån | | | |
|--|------------------|---------------|------------------|---------------|
| | 31.12.16 | Fordeling | 31.12.15 | Fordeling |
| Personkunder | 2.985.189 | 79,90 | 2.603.762 | 82,00 |
| Offentleg forvaltning | 16.764 | 0,45 | 9.345 | 0,29 |
| Finansielle foretak | 7.094 | 0,19 | 4.141 | 0,13 |
| Jord- og skogbruk | 29.842 | 0,80 | 24.254 | 0,76 |
| Industri og bergverksdrift | 55.718 | 1,49 | 46.330 | 1,46 |
| Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg | 97.996 | 2,62 | 81.544 | 2,57 |
| Varehandel, hotell og restaurant | 69.147 | 1,85 | 67.735 | 2,13 |
| Transport og kommunikasjon | 30.835 | 0,83 | 35.091 | 1,11 |
| Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift | 364.299 | 9,75 | 238.361 | 7,51 |
| Tenesteytande næringer elles | 79.360 | 2,12 | 64.943 | 2,05 |
| Sum brutto utlån | 3.736.244 | 100,00 | 3.175.506 | 100,00 |

| | Innskot | | | |
|--|------------------|---------------|------------------|---------------|
| | 31.12.16 | Fordeling | 31.12.15 | Fordeling |
| Personkunder | 2.139.238 | 71,30 | 2.072.882 | 71,22 |
| Offentleg forvaltning | 62.625 | 2,09 | 86.362 | 2,97 |
| Finansielle foretak | 64.179 | 2,14 | 49.256 | 1,69 |
| Jord- og skogbruk | 21.706 | 0,72 | 11.448 | 0,39 |
| Industri og bergverksdrift | 28.989 | 0,97 | 37.337 | 1,28 |
| Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg | 131.325 | 4,38 | 103.673 | 3,56 |
| Varehandel, hotell og restaurant | 108.867 | 3,63 | 108.957 | 3,74 |
| Transport og kommunikasjon | 110.654 | 3,69 | 96.796 | 3,33 |
| Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift | 120.560 | 4,02 | 135.114 | 4,64 |
| Tenesteytande næringer elles | 212.053 | 7,07 | 208.696 | 7,17 |
| Sum innskot | 3.000.196 | 100,00 | 2.910.521 | 100,00 |

Note 4 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidler

| | 4. kv. 2016 | 4. kv. 2015 | 31.12.16 | 31.12.15 | 31.12.14 |
|--|-------------|-------------|----------|----------|----------|
| Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir | -69 | -125 | -769 | -9.525 | 4.592 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning | 1.007 | 78 | 872 | -348 | 4.675 |
| Netto verdiendring på valuta og fin.derivat | 249 | 1.298 | 597 | 3.332 | 3.108 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | 1.187 | 1.251 | 700 | -6.541 | 12.375 |

Note 5 Endring i Verdipapirgjeld

| | Balanse 01.01.16 | Emittert | Innløyst | Øvrige endringar | Balanse 31.12.16 |
|---------------------------------|------------------|----------|----------|------------------|------------------|
| Serifikatgjeld | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Obligasjongjeld, nominell verdi | 375.500 | 550.000 | -150.500 | 0 | 775.000 |
| Underkurs / overkurs | 1.710 | 0 | 0 | -2.076 | -366 |
| Sum verdipapirgjeld | 377.210 | 550.000 | -150.500 | -2.076 | 774.634 |

Note 6 Endring i ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon

| | Balanse 01.01.16 | Emittert | Innløyst | Øvrige endringar | Balanse 31.12.16 |
|--|------------------|----------|----------|------------------|------------------|
| Ansvarleg lånekapital | 40.000 | 0 | 0 | 0 | 40.000 |
| Fondsobligasjon | 35.000 | 0 | 0 | 0 | 35.000 |
| Verkeleg verdijustering | 3.159 | 0 | 0 | -691 | 2.468 |
| Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon | 78.159 | 0 | 0 | -691 | 77.468 |